

HUSTADVIKA KOMMUNE  
Tingplassen 1  
6440 ELNESVÅGEN

**Vår dato:** 25.09.2024

**Vår ref.:** 202103759-8 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE sin supplering av uttale til offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2025 – 2037 for Hustadvika kommune**

Vi viser til brev frå Hustadvika kommune datert 11.07.2024 og vårt brev datert 12.09.2024. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2025 – 2037 for Hustadvika kommune.

### **NVE sin tilleggsuttale**

NVE er gjort merksam på at framlegg til føresegner har eit innhald som vi ikkje har kommentert i våre merknader. I § 4.5 er det sett krav til byggegrunn som vi ikkje fanga opp når vi skreiv vår uttale i saka.

Slik vi les framlegg til føresegner § 4.5 er det sett eit generelt krav til avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire for alle reguleringsplanar under marin grense. Kva verknad føresegna får, har samanheng med kva tiltak som har krav om reguleringsplan. Det kan vere utbygging som ikkje vert fanga opp av kravet.

Vi burde drøfta desse forholda i vår uttale til planframlegget under tema grunnforhold. Sidan det ikkje vart gjort vil med denne tilleggsuttalen gjere merksam på at vi vil ta omsyn til føresegna i seinare vurderingar av planframlegget. Vi hadde andre merknader til tema grunnforhold som gjer at vi inntil vidare vel å oppretthalde motsegna til planen knytt til tema grunnforhold.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**

HUSTADVIKA KOMMUNE

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune